

# Borgarundersøkinga Kinn 2024

Korleis det er å bu og leve i  
Kinn kommune

01

# Om undersøkinga



# Om undersøkinga



## FORMÅL

Borgarundersøkinga i Kinn i 2024 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbod og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati. I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekk fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Kinn kommune som en god plass å bu og leve. Den same undersøkinga vart gjennomført i 2023 og resultatane samanliknast over tid. Nokre av spørsmåla i undersøkinga har endra seg frå 2023 og kan ikkje samanliknast. Der det er aktuelt, er det markert med ein \* og eventuell tilleggsinformasjon er tilgjengeleg i notata.



## UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 1372 innbyggjarar i Kinn kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultatane er vektane på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (og kjent som populasjonen) i Kinn kommune. Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 29.04.2024 til 23.05.2024.



## PRESENTASJON AV RESULTATANE


I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Kinn kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svarene koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkla tolkinga av resultatane, blant anna når ein samanliknar resultatane til ulike grupper. Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultatane.



## TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultatane til Kinn og gjennomsnittet for kommunar med mellom 15.000 til 29.999 innbyggjarar. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultatane til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svarene i Kinn kommune og kommunar av same storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigeheit i utvalet. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. Ein forskjell på 3 kan være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigeheit i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjellar.

# Borgarmodellen



## HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit** og **Omdøme**.

## INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: Omdøme**.

## KONTROLLMÅL


**Tilknytning og tilhørsle** er eit enkeltstående som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknytning og tilhørsle til kommunen. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

## RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)
80 og over	Framifrå
70–79	Godt
60–69	Nokså godt
50–59	Middels
40–49	Svak
Under 40	Dårleg

# Feilmargarar



I ein kvar utvalsundersøking må ein operere med feilmargarar for fordelingar. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmar seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med. I denne undersøkinga med eit utval på 1372, vil feilmarginane variere frå 1,6 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 2,6 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling. Figuren under viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalstorleikar og fordelingar.


Med ein svarprosent på 27 % (1372 av 5000 inviterte), er det god respons på borgarundersøkinga.

02


## Om respondentane



# Om respondentane



# Om respondentane





03

# Resultat



# Kva viser resultatata?

Kinns resultat i 2024 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande tyder det at det ikkje er signifikante skilnadar, sjølv om det kan være en forskjell i skår er den ikkje statistisk signifikant.

## HOVUDRESULTAT

Jamt over er det svært gode resultat for Kinn i borgarundersøkinga 2024. Den samla kommunevurderinga (**62**) er tilsvarande den for like store kommunar (storleik på 15.000-29.999 innbyggjarar) på 61 og resultatet i 2023 på 60. Total tilfredsheit (borgarskåren) er på **62**, tilsvarande som resultatet i 2023 (61) og ikkje stor forskjell frå resultatet for like store kommunar (67). Kinn får ein skår på **53** for samlemålet tenestetilfredsheit og **53** på omdøme, begge to lågare enn gjennomsnittet for like store kommunar, på hhv 59 og 63, men begge resultatata er tilsvarande som i 2023 på hhv 52 og 53. Det er ein tydeleg alderseffekt på disse spørsmåla, der dei eldste gir ein høgare skår enn kva dei yngre gjer og frå 50 år og eldre er ein meir tilfreds med både tenestene i kommunen og omdømet. Dei på mellom 30 og 39 år er minst tilfreds med tenestene og har dårlegast inntrykk av kommunen, etterfølgt av dei på 18-29 år.

Dei faktorane som har størst påverknad på kor nøgd ein er med kommunen som ein stad å bu og leve, er inntrykket av tilbodet og moglegheitene og kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen samla sett. Faktorane som har størst påverknad på inntrykket respondentane har av Kinn (omdømet) er i kor stor grad ein synes det er enkelt å kome i kontakt med kommunen, like etterfølgt av inntrykket av helse- og omsorgstenestene. Det er eit svært godt resultat på spørsmålet om kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år, på **77**. Dette ganske likt som i 2023 (79), og skilnaden til like store kommunar (70) er ikkje tydeleg nok til at det er statistisk signifikant høgare skår, men det er tydeleg at Kinn gjer det bra på tilhøyrse til kommunen.

## TENESTER I KOMMUNEN

På samlemålet for tenestene i kommunen har Kinn ein snittskår på **56**, tilsvarande som i fjor (54), men lågare enn resultatet for like store kommunar (61). Kinn skårar høgare enn jamstore kommunar, Noreg totalt og resultatet i 2023 på spørsmåla om drikkevannet (**87**,

mot 81 i Noreg, 78 i jamstore kommunar og 83 i 2023), og avløpssystemet (**73**, mot 69 i Noreg, 65 i like store kommunar og 67 i 2023). Kinn skårar lågare enn jamstore kommunar og Noreg på spørsmåla om gang- og sykkelstiar (**46**, mot hhv 65 og 66), vegar (**33**, mot hhv 50 og 55), renovasjon (**53**, mot hhv 68 og 72), kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen (**48**, mot 58 begge) og kommunens nettside (**54** mot hhv. 61 og 64). Til sist får og Kinn ein lågare skår i 2024 på tilfredsheit med byggesaksbehandlinga (**35**), mot 54 i Noreg og 45 i jamstore kommunar, samt 40 i Kinn i 2023. Men det er mange som har svart at dei ikkje veit kva dei synest om byggesaksbehandlinga, noko som påverkar snittet, då dei berre reknast inn i snittet om dei har svart noko anna enn «Veit ikkje». Til sist har Kinn fått eit betre resultat på barnehagetilbodet enn fjorårets resultat, med **68** i år, mot 64 i fjor og tilsvarande som jamstore kommunar (70). Spørsmålet om eldreomsorg var ikkje med i 2023-undersøkinga og formuleringa til helse- og omsorgstenester er litt annleis i år. Ein bør derfor samanlikne samleresultatet tenester i kommunen litt forsiktig.

## TILBOD OG MOGLEGHEITER

På tilbod og moglegheiter samla har Kinn en tilsvarande skår (**57**) som i like store kommunar (58) og resultatet i 2023 (56). Kinn skårar jamt over tilsvarande som i fjor på desse spørsmåla og lågare enn like store kommunar på spørsmåla om utdanningstilbod (**47** mot 62) og handels- og servicetilbodet (**55** mot 66). Kommunen får fleire resultat som er høgare enn både like store kommunar og 2023-resultatet. Inntrykket av jobbmoglegheiter (**64**) får ein betre skår i Kinn i 2024 enn i 2023 (60) og like store kommunar (54), noko inntrykket av tilrettelegging for natur- og friluftslivet gjer, med **79** til Kinn 2024, 75 i 2023 og 73 i like kommunar.

Og her bør ein samanlikne samlemålet tilbod og moglegheiter litt forsiktig, då spørsmålet om restaurant og uteliv, samt handels- og servicetilbod ikkje var med i 2023-undersøkinga. Spørsmåla som ble lagt til eller endra ble gjort for å få ein betre undersøking i år. For både tilbod og moglegheiter, og tenester i kommunen der samanlikninga må gjerast forsiktig, gjeld det berre samanlikning med 2023-resultatet. Skåren for 2024 kan altså nyttast som den er.

## TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Tryggleik målast gjennom fleire spørsmål, kor trygg ein er på at sjukehuset kan ta vare på ein, tryggleik frå kriminalitet og kommunens kriseberedskap. Kinn kommune opplevast som ein trygg stad å bu, der ein opplever svært stor tryggleik frå kriminalitet (**79**), signifikant høgare enn i jamstore kommunar, Noreg elles og resultatet frå i fjor. Kriseberedskapen til Kinn vurderast til 61, likt som i fjor, og høgare enn i like store kommunar. Til sist måler vi kor trygg ein er på at det samle sjukehusstilbodet gir deg forsvarleg behandling om ein blir sjuk – der Kinn får et lågare resultat (53) enn like store kommunar (63), men tilsvarande som i fjor. Samla sett vurderer dermed innbyggjarane i Kinn tryggleiken i kommunen til **63**, høgare enn i fjor (61) og likt som like kommunar (65).

## DEMOKRATI

Opplevinga av demokratiet i Kinn vart målt gjennom spørsmåla om ein er tilfreds med korleis politikarane lyttar til innbyggjarane, om ein har tillit til politikarane og om ein opplever at innbyggjarane har innflyting på kommunale avgjerder. Kinn får en skår på **33** på politikaranes lytting til innbyggjarane, lågare enn det vi ser i like store kommunar (44) og i Norge elles (47), men likt som i 2023. På tillit til politikarane får Kinn en skår på **34**, og dette lågare enn like kommunar (44) og Norge (49), men likt som i fjor. Til slutt vurderast opplevinga av innflytelse til **31**, lågare enn i Norge totalt sett (45) og snittet for like store kommunar (43), men også her tilsvarande som i fjor (30). Til saman vurderast dermed demokratiet til en samla skår på **33**, lågare enn Norge (47), og like store kommunar (44), og likt som i fjor. Merk at demokratispørsmåla jamt over får lågare resultat enn de andre spørsmåla, men dette er ikkje unikt for Kinn og gjelder og samanlikningsgrunnlaget og tidlegare undersøkingar.

## KOMMUNEN SOM ORGANISASJON


Kommunen som organisasjon oppnår samla sett en skår på **53**, lågare enn i Norge totalt (61), og tilsvarande som i like store kommunar (56) og i fjor (52). Spørsmåla

som utgjer målet på kommunen som organisasjon er inntrykket av kommunens klima- og miljøtiltak, informasjon til innbyggjarane og inntrykket av kommunen når det gjelder samfunnsansvar og etikk. Kinns resultat skil seg frå like store kommunar på samfunnsansvar og etikk, der kommunen oppnår en lågare skår (**49**) enn i like store kommunar (57). Kinn får tilsvarande resultat i år som i fjor med **52** på klima- og miljøtiltak og **54** på informasjon til innbyggjarane.

## SAMLA KOMMUNEVURDERING


Den samla kommunevurderinga er **62**, tilsvarande som i like store kommunar (61) og i fjor (60). Den samla kommunevurderinga består av alle hovudmåla slått saman, kor Kinn får både høgare og lågare resultat enn både like store kommunar og fjorårets resultat på fleire punkt. På borgarskåren får Kinn en **62**, samanlikna med 67 for like store kommunar og 61 i fjor, begge to er då tilsvarande resultat. På samlemål 1: Tenestetilfredsheit får Kinn en skår på **53**, lågare enn like store kommunar (59), men tilsvarande som i fjor (52). På samlemål 2, omdøme har Kinn en skår på **53**, lågare enn like store kommunar (63), men og her likt som i fjor (53). Sentrumsattraktivitet: her skårar Kinn **51** for Florø og **43** for Måløy, der begge to samanliknast med same målet på sentrumsattraktivitet i samanlikningsgrunnlaget for Noreg og like store kommunar (49). Resultatet for Florø (**51**) er i tråd med det vi ser i like store kommunar (49). Florø sitt resultat er og tilsvarande som i fjorårets undersøking (49). For Måløy er det ein tilsvarande skår som i samanlikningsgrunnlaget for like store kommunar, men resultatet er høgare enn i fjor (37). Inntrykket av Måløy som et attraktivt sentrum har dermed auka i frå i fjor. På spørsmåla om tilknytning til kommunen og tilknytning til lokalsamfunnet, gjer Kinn det svært godt og får høgare resultat enn fjoråret (hhv. 65 og 70), resultatet for like store kommunar (59 og 59) og Noreg (hhv. 65 og 63). Kinn sine resultat er **69** på tilknytning til kommunen og **75** på tilknytning til lokalsamfunnet.

# Hovudresultat



△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023  
 ▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar


# Tenester i kommunen



△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023

▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar


# Tenester i kommunen



△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023

▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar


# Tilbod og moglegheiter



△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023

▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar

# Tilbod og moglegheiter




△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023


▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar



# Tryggleik i kvardagen




# Demokrati




△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023  
▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med 15.000-29.999 innbyggjarar


# Inntrykk av kommunen som organisasjon



# Oppsummering



# Borgarkrysset: Kinn



## OM BORGARKRYSSET

Tenestetilfredsheit og omdømme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.

Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksene viser tenestetilfredsheit, og den horisontale aksene viser omdømme. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.


Resultatet for Kinn i 2024 visast med eit **blågrønt** kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale aksene møtes, er skårane til Kinn på samlemåla tenestetilfredsheit (53) og omdømme (53).

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdømme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene

Kinns resultat er dermed lågare enn landsdelane i Noreg slått saman. Kinns resultat er ganske likt i år som i fjor på tenestetilfredsheit og heilt likt på omdømet.

# Borgarkrysset: Kjønn



## OM BORGARKRYSSET: KJØNN

Figuren til venstre viser korleis menn og kvinner i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av kjønn og det lysare krysset viser resultatet for Kinn i 2023.


Kvinner gir Kinn ein høgare skår på både omdømme og tenestetilfredsheit, og trekker opp snittet til Kinn totalt på begge måla. Menn gir dermed en lågare skår enn gjennomsnittet på begge måla.

Det er ein stor kjønnskilnad i korleis menn og kvinner vurderer omdømet og kor nøgd ein er med tenestene, med ein skilnad på litt over 10 poeng for begge to. Kvinner er dermed meir nøgd med tenestene i kommunen og har et betre inntrykk av kommunen sin og.

Dette mønsteret matchar det vi ser i andre undersøkingar og er ikkje unikt for kvinner og menn i Kinn, då kvinner ofte er meir nøgd med tenestene og har eit betre inntrykk av kommunen sin.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.

# Borgarkrysset: Alder



## OM BORGERKRYSET: ALDER


Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av alder og det lysare krysset viser resultatet for Kinn i 2023.

Dei to eldste aldersgruppene gir ein høgare skår på både omdømmet og tenestetilfredsheit, og dei som gir den lågaste skåren er dei i aldersgruppa 18-29 år.

Vi ser ein svært tydeleg alderseffekt her, der effekten er tilnærma lineær. Jo eldre ein er, jo meir nøgd er ein med tenestene i kommunen og jo betre inntrykk har ein av kommunen sin. Der respondentar mellom 18-29 har en skår på 46 på tenestetilfredsheit, har dei på 70 år og eldre ein skår som er cirka 13 poeng høgare. Dette målet viser kor nøgd ein er med tenestene i kommunen generelt sett, men alderseffekten er tydeleg uansett kva for tenester ein spør om, der dei på 18-29 er minst nøgd og dei på 70 år og eldre er mest nøgd på kvart spørsmål om tenestene i kommunen. Det er minst alderskilnad i inntrykket av gang- og sykkelstiar og drikkevatnet, og størst skilnad i inntrykket av fastlege- og legevaktordning, samt inntrykket av renovasjon.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere skilnadane mellom de ulike gruppene.

# Kva har påverknad på borgarskåren?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av tilbod og moglegheiter (indeks)  
Samla inntrykk av kommunen

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Tilknytning til lokalsamfunnet og til kommunen  
Tryggleik i kvardagen

## Faktorar som har påverknad på Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **Borgarskåren**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svarea på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksen viser kor stor påverknad de ulike faktorane har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

De **blå** faktorane er indekser, satt saman av alle spørsmåla om det temaet, dei **grøne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning og tilhøyrslse.

## Kva bør prioriterast?


Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høgre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høgre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje vises i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påverknadskraft på cirka 0,5 har inntrykket av tilbod og moglegheiter i kommunen svært stor påverknad på i kor stor grad ein synest Kinn er ein god plass å bu og leve. Det same har samleinntrykket av omdømet med en påverknadskraft på cirka same. Samanlikna med dei andre faktorane er dette enkeltfaktorane med klart størst påverknad.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast



# Kva har påverknad på tenestetilfredsheiten?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen  
Inntrykket av helse- og omsorgstenester

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av jobbmoglegheiter  
Inntrykket av fastlege- og legevaktordninga

## Faktorar som har påverknad på tenestetilfredsheiten


Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **tenestetilfredsheiten**. Påverknadskrafta finner vi ved å leite etter mønster i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **tenestetilfredsheiten**. Tenestetilfredsheiten er samlemål 1, med spørsmålsformuleringa: «Kor nøgd totalt sett er du med dei kommunale tenestene i din kommune?». Tolkninga av figuren er elles lik som på førre side.

Med en påverknadskraft på 0,15 har inntrykket av kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen størst påverknad på kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen. Om inntrykket av helse- og omsorgstenester aukar med 10 vil tenestetilfredsheiten og auke (totalt sett), med 1,5. Merk at dette er eit augneblinksbilete og vi kan med 95 % sikkerheit hevde at dette er reelt i befolkninga. Inntrykket av helse- og omsorgstenester har og en tydeleg påverknadskraft som er nesten like stor. Dersom inntrykket av tenestene i figuren minskar, vil det og ha ein effekt på samla tenestetilfredsheit. Resultatet her viser kva som har størst effekt på tenestetilfredsheiten, men alle faktorane i figuren har en effekt.

Dei andre faktorane som har en effekt har alle en effekt på under 0,1 og har dermed mindre effekt kvar for seg, men med einige faktorar kan det samla gje ein stor skilnad.

Gjennomsnittskår	Tolkning av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Kva har påverknad på omdømet?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

I kor stor grad ein har tillit til politikarane  
Inntrykket av kommunen som organisasjon når det gjeld informasjon til innbyggjarane

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Inntrykket av ... jobbmoglegheiter  
... Kriseberedskap  
... Bustadtilbodet

## Faktorar som har påverknad på omdømet


Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på omdømet. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svarea på spørsmåla, og ser dei i samanheng med omdømet. Målet for omdømet er samlemål 2, med spørsmålsformuleringen: «Kor godt inntrykk har du totalt sett av din kommune?». Tolkinga av figuren er elles lik dei tidlegare sidene.

Med en påverknadskraft på litt over 0,2 har tilliten til politikarane størst påverknad og det er et lite hopp til faktoren(e) med nest størst påverknad. Merk at påverknadskrafta er betydeleg lågare enn kva vi så for borgarskåren. Som for tenestetilfredsheiten er det og svært mange faktorar som har ein målbar effekt på omdømet, men påverknadskrafta det vises til her forutsett at dei andre faktorane ikkje reduserast.

Tillit til politikarane og oppleving av innflyting er ein faktor med låg tilstand, men har dermed og størst potensiale til å påverke omdømet. I resultatata ser vi at for dei som svarer høgare på tillit til politikarane, og har et betre inntrykk av kommunen totalt sett, og jo meir tillit til politikarane aukar, jo betre inntrykk har ein av kommunen. Dermed kan vi sjå at når ein aukar tilliten til politikarane frå 34 til t.d 50, aukar totalinntrykket av kommunen frå 53 til 57. Som vi ser har bustadtilbodet ein nokså god skår, og vi skal sjå meir på bustadtilbodet i ekstraspora på dei siste sidene.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten i Florø?



**Viktige faktorar som bør styrkast:**  
Handels- og servicetilbod

**Viktige faktorar som bør bevarast:**  
Tilrettelegging for natur- og friluftsliv

## Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten i Florø


Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på sentrumsattraktiviteten i Florø. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svarea på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med sentrumsattraktiviteten. Spørsmålet er «I kor stor grad synest du at Florø framstår som eit attraktivt sentrum i dag?». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på nesten 0,2 har kor nøgd ein er med kommunen på området handels- og servicetilbod størst effekt på kor attraktivt ein synes sentrum er. Inntrykket av jobbmoglegheiter, kulturtilbodet og moglegheita til å drive næringsverksemd har ein relativt stor påverknadskraft på 0,12. De andre faktorane som har en påverknadskraft har alle omtrent same påverknadskraft på rundt 0,1.

Tilrettelegging for natur og friluftsliv har den høgaste tilstanden av de faktorane som har en påverknad på sentrumsattraktiviteten og bør bevarast. Dette fordi det er vanskelegare å styrke faktorar som allereie har ein høg skår. Dersom en ny respondent gir handels- og servicetilbodet en skår på 50 vil ikkje det auke totalinntrykket av handels- og servicetilbodet noko særleg, men en skår på 100 vil ha større effekt på gjennomsnittet til handels- og servicetilbodet enn på inntrykket av tilrettelegging for natur- og friluftsliv. Derfor bør ein forsøke å styrke resultatet om mogleg, men det er like viktig å bevare den allereie gode skåren. Dei som bur i Flora-området synest at Florø i større grad at Florø framstår som eit attraktivt sentrum, enn kva dei i Måløy gjer.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten i Måløy?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Handels- og servicetilbod  
Kulturtilbod

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Jobbmoglegheiter

## Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten i Måløy


Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på sentrumsattraktiviteten i Måløy. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med sentrumsattraktiviteten. Spørsmålet er «I kor stor grad synest du at Måløy framstår som eit attraktivt sentrum i dag?». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på 0,15 har kor nøgd ein er med kommunen på området handels- og servicetilbod størst effekt på kor attraktivt ein synes sentrum er, likt som for Florø, like etterfølgt av inntrykket av kulturtilbodet og deretter restaurant/uteliv. Dei andre faktorane som har en påverknadskraft har alle omtrent same påverknadskraft på mellom 0,05 og 0,1.

Merk at det for faktoren «Kulturtilbod», ikkje spesifiserast kommunalt kulturtilbod. For spørsmåla i figuren er alle formulert som «Kor nøgd er du med din kommune på områda ... Restaurant/uteliv, kulturtilbod osv.» Spørsmåla er dermed ikkje naudsynt for handels- og servicetilbod i Måløy, men jo meir nøgd ein er med handels- og servicetilbodet i kommunen, jo meir attraktivt synest ein at Måløy framstår som eit attraktivt sentrum. Det er ingen skilnad mellom dei som bur i Flora-området og dei som bur i Vågsøy-området i kor stor grad dei synest at Måløy framstår som eit attraktivt sentrum. For Florø var det ein skilnad ut i frå kor ein bur, men for Måløy er det ikkje det.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Bustadar i Florø




Dette var eitt av ekstraspørsmåla til Kinn og det er derfor ikkje samanlikningsgrunnlag med benchmarkundersøkinga.

Det er store skilnadar mellom områdene i Kinn kommune på dette spørsmålet, der dei som bur i Vågsøy-området oftare vel å svare at dei ikkje veit, med over halvparten av dei som vel dette. Dei som bur i Flora-området har derimot oftare tatt stilling til sjølve påstanden. 17 prosent av dei svarer at det er for stor risiko å kjøpe bustad i Florø.

Vi ser ein skilnad ut i frå alderen til dei som svarer, der dei mellom 18-29 er i større grad einig i at det er for stor risiko å kjøpe bustad i Florø, enn dei som er 30 eller eldre. Vi ser og ein effekt av utdanning, der jo høgare utdanning ein har, jo mindre einig er ein i påstanden om at det er for høg risiko ved bustadkjøp.

Merk at snitt-skåren her viser kor stor grad ein er einig i spørsmålet, då det vil vere same tolking som dei andre spørsmåla i undersøkinga.

# Bustadar i Florø




Respondentane fekk deretter eit oppfølgingsspørsmål om dei synest det er god nok tilgang på ulike bustadar i Florø.

Og her ser vi ein klar skilnad mellom dei i Vågsøy- og Flora-området, der dei i Vågsøy i stor grad svarer at dei ikkje veit. Vi ser og at jo eldre ein er, jo meir einig er ein i påstanden. Dei på 18-29 har ein skår på 40 og dei på 70 + har ein skår på 58. Totalt sett er totalresultatet ein skår på 50.

# Bustadar i Florø

I det forrige spørsmålet svarte du at du synest det er for dårleg tilgang på bustadar i Florø. Kva slags bustadar synest du det er behov for? Velg alle som passer.




Deretter fekk dei eit oppfølgingsspørsmål avhengig av kva dei svarte på spørsmålet om dei synest det er god nok tilgang på bustadar i Florø. Dei som svarte at dei var einig i påstanden fekk ikkje oppfølgingsspørsmålet.

Her kunne dei svare fleire svaralternativ og dei fleste nytta seg av denne moglegheita. Det mest valde svaret er at det trengs fleire einebustadar i Florø, med 3 av 5 som svarer dette, etterfølgt av leilegheiter og alternative, mindre bueiningar.

Det er ein høgare andel av dei som bur i Flora-området som svarer at det trengs einebustadar, då dei som bur i Vågsøy svarer oftare at det manglar bustadar til leige og deretter mindre bueiningar. Vi ser ein klar samanheng med alder, der dei under 40 oftare svarer at det manglar einebustadar enn kva dei over 40 gjer, og dei under 30 svarer oftare at det manglar gardsbruk. Vi ser og ein tendens til at jo eldre ein er, jo oftare har ein svart at det manglar leilegheiter. Det er kjønnsforskjeller i kva ein svarer og, der menn oftare ser behov for bustadar til leige og kvinner oftare ser behov for alternative, mindre bueiningar.

# Bustadar i Måløy




Det er mykje det same mønsteret her som for spørsmålet om ein synest det var for stor risiko å kjøpe bustad i Florø, dei som ikkje bur i området har oftare svart at dei ikkje veit. Det er ein del som har teke stilling til spørsmålet i Vågsøy-området, der nesten 3 av 10 av dei synest det er for stor risiko.

Vi ser at det er ein stor skilnad mellom menn og kvinner her, der menn er meir einige i påstanden enn det kvinner er, med ein skår på 54 for menn mot 44 for kvinner (der 100 er heilt einig). Vi ser og at av dei som har tatt stilling i Flora-området, så meiner dei at det er ein større risiko enn kva dei som har tatt stilling i Vågsøy-området gjer. Utover dette er det ingen grupper som skil seg ut frå nokon andre.




# Bustadar i Måløy



Vi ser ikkje store skilnadar mellom undergruppene på dette spørsmålet, respondentane svarer relativt likt uavhengig av kjønn, alder og annan bakgrunnsinformasjon. Vi ser at dei som bur i Flora er i større grad einig i påstanden (skår på 51), enn kva dei som bur i Vågsøy er (43). I utrekninga av skåren har berre dei som har svart noko anna enn "Veit ikkje", blitt rekna med.

# Bustadar i Måløy


I det forrige spørsmålet svarte du at du synest det er for dårleg tilgang på bustadar i Måløy. Kva slags bustadar synest du det er behov for? Velg alle som passer.



Som for resultatet for Florø, er det dei yngste, under 40, som svarer at det er behov for einebustadar. Samla sett har 50 % av respondentane valt dette svaralternativet, men av dei under 30 har 84 % valt det og av dei mellom 30-39 har 74 % valt det. Av dei som er 70 eller eldre, har berre 14 % svart at det manglar einebustadar.

Merk at det her berre er 192 respondentar som har fått dette spørsmålet, då det berre gjekk til dei som svarte at dei synest det manglar bustadar i Måløy. Det vil seie at resultatata har ein høgare feilmargin enn dersom alle i undersøkinga hadde svart på dette spørsmålet.

# Til- og fråflytting



Eitt av spørsmåla som høyrer med borgarundersøkinga er kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år. Dei som svarte at det er sannsynleg, dei fekk spørsmål om kva det er som gjer at dei trur dei vil bu i kommunen framover og dei som svarer at det er usannsynleg, dei får spørsmål om kva som gjer at dei trur dei kanskje ikkje vil bu i kommunen om 5 år.


Først ser vi på dei som svarer at dei trur dei kjem til å bu i kommunen framover. Den klart oftast valde årsaka er familie og vener med 4 av 5 som svarer at det er ein av dei viktigaste grunnane til at dei vil bu i kommunen framover og. Det har vore mogleg å svare fleire svaralternativ her og i tillegg til familie og vener, har over halvparten svart at nærleik til naturen er viktig for dei.

Nesten halvparten har svart det sosiale nettverket og fast jobb som viktige grunner. Det er nokre aldersskilnadar i kva ein har svart her. Barnehagar og skular vart oftast vald av dei under 30 og fast jobb er oftast svart av dei under 60. Nærleik til naturen er minst viktig for dei under 30, men mest viktig for dei mellom 50-59 år og karrieremoglegheiter er mest viktig for dei under 30. Vi ser og at kvinner oftare svarer at familie og vener er viktig, samt kulturtilbodet.

For dei som er tilflyttarar er oftare barnehage og skule viktig, samanlikna med kor ofte dei som har budd i området lenge har svart dette. 29 % av tilflyttarane svarer barnehage/skule, mot 10 % av dei som har budd i området i meir enn 5 år. Vidare er karrieremoglegheiter oftare valt av denne gruppa, med 24 % av dei som har svart dette, mot 6 % av dei som har budd i området i 5+ år. Til slutt ser vi og at dei som er tilflyttarar sjeldnare svarer at nærleik til naturen er ein viktig grunn for at dei skal bu i området framover, med berre 41 % som svarer dette, mot rundt 6 av 10 av dei som ikkje er tilflyttarar.

# Til- og fråflytting

Kva er dei viktigaste grunnane til at du trur du kanskje ikke kjem til å bu i Kinn om 5 år? Velg alle som passer.



Til sist ser vi på dei som svarte at det ikkje var sannsynleg at dei kom til å bu i kommunen om 5 år. Dei har og fått fleire svaralternativ dei kan svare, og moglegheita til å svare fleire. Det er 358 personar som svarer på spørsmålet om kva som gjer at dei kanskje ikkje bur i kommunen om 5 år, mot 853 som svarer på det førre spørsmålet, om kva som er viktig når dei sannsynlegvis skal bli i kommunen. Sjølv om det er litt færre folk på det eine spørsmålet, er det nok folk til at ein har eit greitt grunnlag for å seie noko om befolkninga.

Det hyppigaste valde svaret er at det er innbyggjaranes moglegheit til å påverke lokalsamfunnet. Til samanlikning har berre 4 % av dei som svarte at det er sannsynleg at dei vil bu i kommunen om 5 år, svart det same. Men sjølv om det er det hyppigaste valde svaralternativet, er det berre 36 % som svarer dette. Like etter er helse- og omsorgstenester med 34 % av svara og karrieremoglegheiter med 30 % av svara.

Det er enkelte skilnadar ut i frå alder på dette spørsmålet, frå barnehage og skule, der nesten halvparten av dei mellom 30-39 år svarer dette, til karrieremoglegheiter, der over halvparten av dei under 30 svarer dette. Dei under 30 har og oftare svart at det sosiale nettverket (50 % av dei) og kulturtilbodet (35 % av dei) er grunner til at dei trur dei kanskje ikkje kjem til å bu i kommunen om 5 år.

Når vi ser på kor lenge ein har budd i kommunen, ser vi at dei som har valt svaralternativet for innbyggjaranes moglegheit til å påverke, oftare har budd i området i meir enn 5 år (39 %), men rundt 20 % av dei som er tilflyttarar har og valt dette alternativet.

Til sist ser vi at barnehagar og skular oftare vert vald av dei som bur i Vågsøy-området, men 1 av 3 som svarer dette, mot 17 % av dei i Florø. Det var ingen store skilnadar mellom områda i kva som var dei viktigaste grunnane til at ein trudde ein ville bu i kommunen framover.

Sentio Research

Verftsgata 4, 7042 Trondheim

90 54 88 92

post@sentio.no